

ÅRSMELDING FOR ØRSTA KYRKJELYD



Ørsta kyrkje, teikna av Olav Baarøy jr.

***Kyrkjelydsmøte i Kyrkjestova
13. mars 2016***

ÅRSMELDING

ØRSTA SOKNERÅD 2016

Soknerådet hadde 01.01.2014 -31.10.2015 følgjande medlemmer:

Magnar Hjertenæs – leiar
Kjersti Elin Årøen – nestleiar
Anders Digernes
Gudrun Øvrebotten
Reidun Vigestad Berge
Eli Kristine Moltu
Berit Elisabeth Hagen Velle
Vebjørn Øyehaug
Sokneprest Arne Moltubak

Varamedlem Marit Vartdal Engeset møtte fast i rådet.
Varamedlemane Gerd Helen Moe Masdal, Anders Myklebust og Lars Inge Korsfur vart innkalla ved høve.

Medlemar til Ørsta kyrkjelege fellesråd har vore Reidun Vigestad Berge og Anders Digernes.

Soknerådet har ikkje tilsett sekretær og medlemar i rådet har difor ført referat.
Soknerådet sitt arbeidsutval har vore: Leiar, nestleiar og sokneprest.

For soknerådet har Marit Vartdal Engeseth vore knytt opp til Kirkens Nødhjelp.

Utanom desse er det òg ein del nemnder og komitear som arbeider med eldretrøff, internasjonalt kvinnetreff, fasteaksjonen, familiegudsteneste, kyrkjekaffi/ kyrkjevertar, misjonsprosjektet og dåpsklutar.

Frå 01.11.2015 vart nytt sokneråd konstituert.

Aage Johnsen – leiar
Gudny Fagerhol – nestleiar
Jorunn Austrheim
Henning Brautaset
Eli Kristine Moltu
Hilde Opsal (- referent)
Frode Ryste
Sindre Borge Skurtveit
Sokneprest Arne Moltubak

Aud Standal Digernes er 1. vara og møter fast på møta.

Dei andre vararepresentantane som vert kalla inn ved høve er: Anne Mette Sætre, Norunn Melheim, Bente Kristin Krøvel og Anders Karl Roald.

Soknerådsmøte

11 soknerådsmøte vart halde i 2015, i tillegg til kyrkjelyden sitt årsmøte og eit fellesmøte mellom stab og sokneråd.

Det gamle soknerådet handsama 59 saker i året som gjekk. Det nye soknerådet 9 saker.

Melloma anna vart dette handsama:

- Gjevarteneste for soknet
- Evaluering av gudstenestereformen (liturgi)
- Soknerådsvil 2015
- Syngespelet i dei nynorske festspela
- Innsetjing av ny sokneprest
- Takk og kyrkjekaffi til kyrkjetenar Aslak Solbjørg
- Tildeling av offer
- Rekneskap, budsjett og økonomi

I tillegg ei rekkje med meir praktiske arrangement

- Konfirmantforeldrefest / konfirmasjon, planlegging og gjennomføring.
- 17.mai, kransing av bautaen
- Fellesmøteveke i Ørsta
- Kyrkjekaffi i samband med avskil med kyrkjetenar og innsetjingsgudsteneste
- Klimagudsteneste
- Oppstart av Alpha-kurs
- Brannvakter til konfirmasjonane, julaftan osv

Tal frå Ørsta sokneråd sin rekneskap 2015

(Fullstendig rekneskap for 2015, godkjent av Søre Sunnmøre kommunerevisjon, får de ved å vende dykk til Kyrkjekontoret i april/mai.)

Ørsta sokneråd (Budsjett 500)			Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Budsjett 2016
INNTEKTER					
1000	Administrasjon	36100 Deltakarbetaling	-3 000kr	-8 200kr	-7 000kr
		36310 Leigeinntekter	-5 000kr	-31 220kr	-15 000kr
		38600 Offer eige arbeid (kyrkjeoffer)	-80 000kr	-84 938kr	-80 000kr
		38701 Gjevarteneste	-120 000kr	-92 300kr	-100 000kr
		38700 Tilskot frå andre (Andre inntekter/bibel)	-10 000kr	-41 977kr	-10 000kr
SUM INNTEKTER			-218 000kr	-258 635kr	-212 000kr
UTGIFTER					
1000	Administrasjon	31200 Forbruksmatriell (Erstattar "arrangement")	10 000kr	16 462kr	10 000kr
		31900 Husleige	30 000kr	30 000kr	30 000kr
		32007 Menighetsblad	0kr	0kr	5 000kr
		Strategiske midlar (ikkje fordelt)	36 000kr	0kr	36 000kr
4000	Trusopplæring	31100 Aktivitetsrelatert materiell (abonnement, bøker mm)	9 000kr	20 172kr	9 000kr
		31200 Forbruksmatriell (annonser mm)	30 000kr	26 676kr	30 000kr
		32007 Materiell til utdeling (porto, helsingar, bilete mm)	40 000kr	62 044kr	40 000kr
		Underskot konfirmantarbeidet		53 462kr	
5500	Diakoni	31200 Forbruksmatriell (annonser mm)	20 000kr	1 576kr	12 000kr
		31950 Kontingent/lisens (abonnement mm)	9 000kr	5 460kr	6 000kr
6500	Gudsteneste	31200 Forbruksmatriell (annonser mm)	12 000kr	21 398kr	12 000kr
6530	Kyrkjekaffi	32006 Arrangement (inntekter/overføringar jubileumsnemnda)	8 000kr	-69 426kr	8 000kr
7500	Kyrkjemusikk	31200 Forbruksmatriell (annonser mm)	9 000kr	2 320kr	9 000kr
		33800 Drifting kyrkjekor (notar mm)	5 000kr	5 000kr	5 000kr
		Tilskot konsertnemnda			
SUM UTGIFTER			218 000kr	175 143kr	212 000kr
Meirforbruk/mindreforbruk			0kr	-83 492kr	0kr
Kyrkjeoffer til andre					
8500	Overføring offer	34650 Offer andre ut	230 000kr	373 431kr	230 000kr
		38650 Offer andre inn	230 000kr	-373 431kr	-230 000kr
Konsertnemnda (Budsjett 530)					
7500	Kyrkjemusikk	31200 Forbruksmatriell	4 000kr	0kr	4 000kr
		32300 Vedlikehald flygel	8 000kr	0kr	8 000kr
		38700 Tilskot andre - inntekt konsertar	-12 000kr	0kr	-12 000kr

Dette gir eit mindreforbruk i drift for soknerådet på kr. 83.492,-

(Dispfondet var i 2014 på 260.904,16 og meirforbruket i 2014 var på 267.686,23

Det betyr at disposisjonsfondet ikkje var tilstrekkeleg til å dekke meirforbruket i 2014, og vi tek med oss eit samla underskot på 6782,07 som må dekkast i 2015.)

Offer oversendt andre organisasjonar i 2015 var kr. 428.786 Av dette var Fasteaksjonen kr.116.573 (her var også Hjørundfjord innkludert, sidan dette var samordna i 2015) og Misjonsprosjektet kr. 90.316. (Ofingar til Kirkens Nødhjelp og Misjonsprosjektet kjem i tillegg.)

Offer til eige arbeid var kr. 60.754 i tillegg vart det gitt kr. 24.600 i gjevarteneste og kr. 67.700 som andre gåver.

Andre aktivitetar i kyrkja/kyrkjekontoret 2015.

Det er framleis bønesamling i kyrkja kl 07.00 kvar måndag morgon. Dette vart avslutta ved årsskiftet, grunna lite oppslutning. Der er kveldsbøn i Ørsta kyrkje kvar 1. torsdag i månaden kl.18.00.

Småbornstreffet i Kyrkjekafèen har hatt treff annankvar måndag i partalsveker frå kl.10.00 – 12.00.

Dette vart ikkje starta oppatt i haust grunna få deltakarar.

Barnekoret i Måndagsklubben har sine øvingar i kyrkja og Horisontklubben brukar kyrkja enkelte måndagar.

Internasjonalt kvinnetreff møtest på møteromet i 2. etasje i Vikegata 5, kvar torsdag. Der var ikkje møte denne hausten. Det vart etterlyst treffstad for menn.

Torsdagane i fastetida var det fastesamling i Undervisningssalen.

Elles har Y's men hatt nokre av sine møter i Undervisningssalen. Likeeins Volda Ørsta kyrkjeakademi og Føremiddagstreffet.

Ørsta kyrkjekor øver fast i kyrkja kvar onsdag kl.18.45 – 20.45.

Statistikk 2015.

	2012	2013	2014	2015
Døypte	106	91	88	84
- bur i Ørsta sokn	85	73	69	72
Konfirmerte	109	84	110	87
Vigslar	23	7	16	11
- forbønn ved borgarleg vigsel	0	1	1	1
Gravferder	66	53	68	52
Innmeldingar	0	0	1	6
Utmeldingar	9	6	17	12
Gudstenester på søn-og helgedagar	66	60	61	66
- deltakarar (nominelt)	10646	10519	8836	8440
- deltakarar (gjennomsnitt)	161,3	175,3	144,8	127,9
Frivillige (estimerte tal)	372	322	468	483

(Vi prøver no å registrere tal på frivillige meir detaljert, så for 2015 er talet meir nøyaktig.)

Årsmelding - Gudstenestearbeidet

Ørsta sokn har eit variert gudstenesteliv med mange ulike typar gudstenester. Vi kan nemne den tradisjonelle høgmessa, familiegudsteneste, Ung Messe/G2 i samarbeid med Frikyrkja, skulegudstenester, friluftsgudstenester i samarbeid med ulike frivillige organisasjonar, taizegudsteneste, keltisk kveldsbøn, solidaritetsgudstenester 1 mai og 8 mars, Helgemesse, samt spesielle gudstenester i tilknytning til høgtidene.

Dei siste åra har vi vore gjennom eit krevjande arbeid med ny liturgi. I 2015 vart det gjort nokre endringar på den liturgien som vart vedtatt i 2013. Kyrkjelyden gikk mellom anna tilbake til dei «gamle» melodiane på kyrie og gloria, endra Fader vår til den nye Vår Far frå 2011 og flytta syndsvedkjenninga lenger ut i gudstenesta.

Endringar er alltid krevjande, men vi vonar desse endringane med tida vil opplevast gode for kyrkjelyden.

Vi har ein svært høg dåpsprosent i soknet vårt, noko som og er med å halde deltakartalet oppe.

Gudstenestebesøket på den jamne søndagsgudstenesta er diverre likevel fallande. Særleg på Ung Messe/G2 er det lite folk, og kanskje bør det vere eit satsingspunkt framover å få opp deltakinga på desse gudsteneste? Vi ser derimot at gudstenester der spesielle målgrupper er invitert, som til dømes ved trusopplæringsarrangement som Lys Vaken og Tårnagent, aukar oppmøte betydeleg. Her er det også gledeleg å legge merke til at terskelen for å gå til nattverd kan sjå ut til å verte noko nedbygd. Borna er med å vise veg til nåden sitt bord!

Det er mange aktørar inne i samarbeidet rundt gudstenestene i soknet. Soknet har ein velfungerande familiegudstenestekomite som er med å planlegge og gjennomføre familiegudstenestene. Ung Messe/G2 vert arrangert i samarbeid med Frikyrkja og med eit sterkt innslag av konfirmantar. Friluftsgudstenestene vert arrangert i samarbeid med Hovdebygda Idrottslag, Liadalsbygda grendelag, Brudavolltunet og Ivar Aasantunet. Ein kyrkjekaffikomité har ansvar for å arrangere kyrkjekaffi, slik at det etter dei aller fleste gudstenester er høve til ei sosial samling etter gudstenesta. Dette er eit viktig arbeid og noko mange set pris på! I tillegg er det den

frivillige klokkartenesta under utbygging og fleire og fleire enkeltmenneske vert dermed både direkte og indirekte involvert i gudstenestearbeidet.

Dette siste er ein viktig del i arbeidet med å gjere gudstensta til heile kyrkjelyden si gudstenste, ikkje berre dei tilsette. Det skal sjølvagt framleis vere mogleg å kome til gudsteneste «berre» for å kome, tilbe Gud og vere ein del av fellesskapet, men dess fleire som er synlege, hørbare og aktive i gudstenesta, dess rikare vert gudstenesta.

Sokneprest Arne Moltubak

Trusopplæring i Ørsta sokn 2015

Dette var dei viktigaste arrangementa som gjeld trusopplæring i kyrkjeleg regi:

0-3 år: Dåp nesten kvar søndag i kyrkja. Alle borna får ein handbrodert dåpsklut frå Madagaskar, i gåve frå ulike frivillige lag i kyrkjelyden. Bilde med kveldsbøn frå soknerådet.

I tillegg får ein av fadrane til kvart barn ein pose med gåver som ho eller han skal overrekke til fadderbarnet på dåpsdagen dei neste tre åra.

Pakkane vert pakka på dugnad av frivillige og kostar om lag 150 kroner per barn. Innhaldet i pakkane kjem frå IKO-forlaget, som er hovudleverandør av kristen barnelitteratur i Noreg.

Desse er gåvene: Smekke med «Å du som mettar» til 1. dåpsdagen, CD med barnesongar til 2. dåpsdagen og boka «lille Sauen går seg vill» til 3. dåpsdagen.

Gåvene vert finansiert av kyrkjelydane gjennom kyrkjeofringar og andre gåver. Fadrane vert òg oppmoda om å vere med å støtte ordninga med ei pengegåve. Alle born som

Oppslutninga i år var på 84, medlemstalet står på 81, det var tre born som ikkje er registrert i Ørsta som døypte seg her og fikk faddeergåver.

4 år: 93 4-åringar fikk i juni invitasjon til å vere med på undretur i kyrkja og gudsteneste med utdeling av kyrkjebok. 53 av dei kom til kyrkja og fekk bok.

5 år: Alle 102 5åringar fikk ein film om ”Kirkerottene” tilsendt i posten tidleg i desember.

- Påskevandring: med bruk av Playmofigurar det vart laga eit opplegg der barnehageborn blei invitert til kyrkja. Her var det på førehand laga ein løype der dei gjekk og fekk opplevd korleis det kunne ha vore den tida Jesus levde. Inntoget til Jerusalem, livet i tempelet, hans sitt forhold til læresveinane, nattverden, pågripinga, korsfesting og oppstoda.

- Barnehagegudsteneste i kyrkja for alle Ørsta barnehagar tidleg i desember

Alle Ørsta barnehagar fekk invitasjon og alle takka ja til invitasjonen til begge høgtidsopplegg.

6 år: Det vart i mårs delt ut bøker til 32stk 1. klassingar av 103 mulige. Boka heiter ”Alle gode ting”

7år: Det er planlagt kyrkjekino som tiltaket for 7 åringar.

8 år: Tårnagenthelg var i februar med totalt 46 av 118 stk 3.klassingar i kyrkja.

9 år: Pinsefest var også i år ved Hovdevatnet for 4.klassingar. På to dagar fekk 22stk lære om pinse, pinsetradisjonar og symbolikk. Dei var også med på Friluftsgudsteneste 2.pinsedag. Dette vert eit felles tiltak med Vartdal, Hjørundfjord og eventuelt Bjørke.

- Skulegudstenester med dramatisering av påskeforteljinga for 1.-4.klassingar frå alle skulane i Ørsta.

- Adventsgudsteneste tidleg i desember for alle skulane i Ørsta til og med Ungdomsskulen.

10 år: Utdeling av Bibel til 5.klassingar. Også i år fikk alle 5.klassingane ”Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga” i gåve. 91 eksemplar vart delt ut, nokre i gudstenesta og mange på skulane. Bibeltrim på skulane var ved diakon Knut Stave.

På 10årstrinnet har det pleidd å vere to trusopplæringstiltak = Bibelutdeling og Lys Vaken. I år avlyste vi Lys Vaken for 10åringar for at dei skal kome på Lys Vaken det året dei fyller 11år.

11 år: 11 av 91 stk. var med og feire Lysmesse i år.

12-13år: Det er planlagt kyrkjekino for born i den aldersgruppa.

Konfirmant:

- Det var innskriving av nye konfirmantar – arrangement i kyrkja med postar.
- Hausten starta som vanleg med ”Avspark!” for konfirmantåret på Sæbø, med foreldremøte i Hjørundfjord kyrkje.
- Alle konfirmantklassane verte presentert til kyrkjelyden på kvar sin søndag og forbønnskort vart delt ut.
- Konfirmantundervisningstimar med sju forskjellige tema. I år starta vi med Konfirmantbibelen og Kristuskransen.
Undervisningstema: 1.Gudstenestekurs, 2.Bibel og bøn, 3.Liv død og håpet, 4.Dåp og Nattverd, 5.Diakoni og kyrkjelyden, 6.Skaparen skaparverket og meg og 7.Jesus lever.
- Misjonsmesse vorte arrangert. Konfirmantane lagde saker dei kunne selje til inntekt for misjonsarbeidet i Ørsta.
- Åtte Ung Messe, seks med konfirmantar. Samarbeid med frikyrkja.
- Før dei seks ung messer nemnde ovanfor er det halde gudstenesteverkstad.
- Deltaking i gudstenesteliv som klokkar. Fire/fem konfirmantar kvar helg i løpet av heile konfirmantåret
- Deltaking i aktivitetsgrupper med minst 6 frammøte på t.d kristeleg ungdomsgrupper på Follestadal, Barstadvik, TenSing, KRIK, Pitstop, samtalegrupper og dans.
- Konfirmantleir x 2 på SUFH i vinterferien (med MILK- og Cremè-leiarar).
- Fem konfirmasjonsgudstenester med til saman 94 konfirmantar.

MILK(fjorårskonfirmantar): MILK-kurs (minileiarkurs for 15-åringar) med samlingar over 6 kveldar. 15 deltakarar.

MILK-helg med overnatting på Bondalseidet sportskapell.

Praksis på forskjellige trusopplæringstiltak t.d Lysvaken, bokutdelingar,

Tårnagethelg osv.

Creme: Creme helg med overnatting. I år vert det dessverre ikkje noko leir for denne ungdomsgruppa.

Creme og MILK er eit veksande ressurs i kyrkjelyden vår. Det er ein flott gjeng med engasjerte ungdommar som bidreg med mykje positivt i barne- og ungdomsarbeidet.

Øvrige

- Nokre besøk av mentor Birgitte Lerheim som møtte med trusopplærarne.
- Dei tilsette har gjennom heile året arbeidd med å utvikle ny plan for trusopplæring. Skal vedtakast i løpet av 2016.
- Fire medarbeidarar frå Ørsta tok del på IKO si store trusopplæringskonferanse på Lillestrøm.
- Januar: Rapportering av trusopplæring på nytt verktøy utarbeidd av Kirkerådet – starten på vår eigen plan for trusopplæring.
- Det har ikkje vore møte mellom sokneråd og kateket i 2015 der trusopplæringa har vore drøfta. Kateketen kjem gjerne på soknerådsmøte for å snakke om trusopplæringsarbeidet i Ørsta i 2016 og framover.

Kateket Caroline Sefu

DIAKONI 2015

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærlig, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd (Plan for diakoni i Den norske kyrkja). Diakonien er heile kyrkjelyden sitt ansvar, men Ørsta sokneråd har eit særleg ansvar for det lokale diakoniarbeidet i soknet. Diakonstillinga er delt mellom Betty Ndea Søvik og Knut Stave, der begge har 50% fast stilling.

Barne- og ungdomsdiakoni:

- Måndagsklubben/10+ på Ørsta bedehus.

- Ørsta- og Volda Ten Sing er eit tilbod også for ørstingar.

- Diakoni er ein del av konfirmantarbeidet, både gjennom undervisning og fellesskap.

Fellesskap:

- Kyrkjekaffikomiteen har som mål at det skal vere kyrkjekaffi etter dei fleste vanlege gudstenester. Komiteen har gjort eit stabilt og godt arbeid, men treng nye frivillige i 2015.
- Føremiddagstreffa: Sidan mars 2003 (samarb. Indremisjon/frikyrkja) har føremiddagstreff, 60+, hatt jamt god oppslutning. Komiteen for treffa treng nye medlemmer for å halde oppe arbeidet. I år har det vore berre fem treff + busstur til Selja.

Besøks- og omsorgsteneste:

- Institusjonsandakter nesten kvar veke, og om lag éin gong i månaden på Aktivitetscenteret.
- Diakon/prest har kontakt gjennom til dømes heimebesøk og institusjonsbesøk.
- Helgemessesøndag var det gudsteneste med kyrkjekaffi for etterlatne i kyrkjekafeen (open for alle).
- Som medeigar i Kirkens SOS, Møre og Romsdal, er den diakonale, døgnopne telefontenesta, del av Ørsta kyrkjelyd sitt omsorgstilbod for dei som treng nokon å snakke med. Det er ønske om å rekruttere fleire telefonvakter frå Ørsta.
- Kyrkjefølgjegruppa gir tilbod til ei psyk. utviklingshemma.

Internasjonal diakoni:

- Ørsta kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt, skule og utdanning 640479, er eit samarbeid med Det norske misjonsselskap (NMS) og Den evangelisk-lutherske kyrkja i Thailand (ELCT), og støttar Immanuelkyrkja sin dagheim, Lovsongsheimen, Immanuelheimen i Phibun og ei stipendordning til fattige born. Bruk kontonr. 8220 02 85030 og merk betalinga med 9048.
- Fasteaksjonen til KN: Tilsette og eit utval av frivillige medarbeidarar hadde ansvaret for organiseringa av konfirmantar og frivillige denne dagen. Innsamlingsresultatet var godt.
- I løpet av hausten 2015 har Intenasjonale. kvinnetreff i Vikegata (tors.) slutta å ha treff, men det er meininga å ta opp att tråden i 2016. Samværa har vore enkle, med t.d. kaffi og frukt, eller ev. at nokre har med seg noko. Elles er praten og kontakten det viktigaste elementet, hjelp med lekser og relasjonsbygging mellom innvandrarar og ørstingar.

Grøn kyrkjelyd:

Ørsta sokneråd vedtok å bli Grøn kyrkjelyd, med eigen handlingsplan, ved inngangen til jubileumsåret 2014. Utdringa er og har vore å vidareføre måla i handlingsplanen i åra som kjem, og her kan heile kyrkjelyden ta del!

Takk til alle som har vore med og bere fram diakonien gjennom dette året! Lat oss ta diakonien med i alt arbeid i kyrkja, som ei grunnleggjande haldning og ein måte å leve på, som formar kyrkjelyden, i bøn og i arbeid.

Betty Abena Ndea Søvik og Knut Stave, diakon

Årsmelding – Kyrkjemusikk 2015.

”Kyrkjemusikken sameinar eit åndeleg og eit musikalsk siktemål. Den tolkar og formidlar kristen tru. Han er kyrkjelyden sitt felles svar på Guds tale til oss, støttar og gir næring til det åndelege livet i kyrkjelyden.” (Plan for kyrkjemusikk).

Kantorar i Ørsta sokn gjennom året 2015:

Marie Austrheim Riise 100 % stilling. (Morspermisjon frå midten av oktober 2015)

Ray Weber 60 % stilling.

Margaret Standal Volle Haugland, Vikarorganist 90 % stilling (Frå november 2015)

Gudstenester:

Den kristne kyrkja er ei syngjande kyrkje! Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre. Gjennom gudstenestene får vi løfte opp vår song, lovprise Gud og uttrykkje og formidle vår kristne tru i eit fellesskap.

Den nye gudstenestereforma legg betydelig vekt på involvering i gudstenestene. I Ørsta har vi hatt ein lang tradisjon på å utfordre kor, musikarar og solistar til å ta del i gudstenesten. Dette gjeld særleg gudstenester der ein vil ha eit ekstra løft som på konfirmasjonsgudstenester, påskedag, julaftan, og 1.juledag for å nemne nokre. Ein må halde fram med den gode tradisjonen der ein samarbeider med lokale musikkrefter i bygda. Dette gjer gudstenestene levande og det gir inspirasjon og glede både til kyrkjelyd og utøvarar.

I Ørsta sokn har ein gjennom 2015 hatt fleire ulike gudstenester som høgmesser, familiegudstenester og Ung messe. I tillegg har ein hatt fleire spesielle gudstenester som er knytt til kyrkjeåret som t.d påskenatt, helgetorsdag, og helgemesse for å nemne nokre. Vi har altså eit rikt og variert gudstenesteliv der ein får uttrykkje både tradisjonell og nyare kyrkjemusikk slik plan for kyrkjemusikk peikar på.

Tenesteordninga for kantorar peikar på at kantorane skal vere med og forvalte og gjere levande tradisjonelle og nye kyrkjemusikalske verdiar og syte for breidde og kvalitet i det kyrkjemusikalske og kulturelle arbeidet i kyrkjelyden. Det er sær viktig å finne den gode balansen mellom tradisjonell og nyare kyrkjemusikk, noko vi i Ørsta sokn prøver å tilstrebe.

Høgmesse:

I høgmessene har ein eit noko meir tradisjonelt kyrkjemusikalsk uttrykk. Likevel prøver ein å variere det musikalske uttrykket gjennom salmar og instrumentalmusikk. Det er fint å ha med instrumentalistar og solistar i gudstenestene. Dette kan ein med fordel gjere meir av i høgmessene.

Familiegudstenester:

Her prøver ein å variere det musikalske uttrykket slik at det høver både for born og vaksne, men med eit klart fokus på borna. Dette har ein også gjort gjennom året 2015. På familiegudstenestene kan ein og med fordel utfordre både born og vaksne til å vere med som forsongarar eller som solistar.

Ung messe:

På desse gudstenestene rettar ein det kyrkjemusikalske uttrykket mot heile kyrkjelyden, men då i særleg grad mot konfirmantar og ungdom. Ein prøver å tilstrebe å ha forsongarar og band på ung messe-gudstenestene. Ein ser at dette er tidkrevjande arbeid og det er også vanskeleg å få konfirmantar og ungdom til å stille opp kvar gong. Dette gjer at ein ikkje har fått til noko fast band, men at ein spør sporadisk alt etter kven som kan stille opp den aktuelle søndagen. Likevel er det svært meiningsfullt og flott når ein får til dette og at ungdom får utfalde seg musikalsk i gudstenestene.

Kyrkjemusikk og trusopplæring:

Kyrkjemusikk- og kulturverksemd gjev eit godt grunnlag for at born og unge kan vere deltakarar og ressursar for kyrkjelyden som lærande fellesskap. Denne fellesskapen er ein god arena for læring av bibeltekstar, liturgi og salmar.

Gjennom året 2015 har konfirmantar og ungdom vore med på fleire ung-messer som forsongarar og i band. Det er då kantor som leier øving med desse.

Vidare har kantorane eit særleg ansvar for musikkgruppene på konfirmantleir. Desse musikkgruppene førebur seg til gudstenesta på leir. På konfirmantleiren har ein også innført «Salmeslaget» der konfirmantar og ungdom lærer tradisjonelle salmar i moderne versjonar.

Vidare har kantorane m.a teke del i både Lys Vaken og Tårnagenthelg for å nemne nokre tiltak. Då har kantor øvd inn songar og/eller salmar med borna.

Det må nemnast at ein i mykje større grad kan nytte milk og creme-leiarar som gode ressursar i det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet.

Korverksemd:

Av korverksemd i Ørsta sokn finn vi Ørsta kyrkjekor. Det er viktig å ha eit godt kyrkjekor i soknet, noko ein verkeleg må satse vidare på. Koret har stor betydning for gudstenestelivet og kyrkjelyden i Ørsta. Dei tek del på mange gudstenester og andre arrangement i løpet av året. I tillegg har koret arrangert to keltiske kveldsbøner og to taize-kveldsbøner, som var godt besøkt og absolutt er noko ein vil fortsette å arrangere (sjå eiga årsmelding for kyrkjekoret).

Det vert også drive barnekor i Ørsta sokn, tilknytt mandagsklubben. Her finn vi barnesonggruppe frå 4-6 år og barnekor frå 6 år og oppover. Kora er med på fleire gudstenester og andre tiltak gjennom året. Vi set stor pris på både barnesonggruppa og barnekoret, og vil gjerne få rette ei stor takk til dei frivillige som driv desse kora. De gjer eit svært viktig arbeid!

Gudstenestereform:

Etter å ha brukt Harald Gullichsen sine melodiar på Kyrie og Gloria i Høgmesser, samt Tore W. Aas sine melodiar på Ung messe og familiegudstenester, har ein i lys av innstrammingane for bruk av ulike liturgiske melodiar, valgt å gå tilbake til å bruke Egil Hovland sine melodiar i Høgmesser frå 1. søndag i advent 2015. Dette er også i tråd med dei erfaringar som er gjort lokalt i kyrkjelyden gjennom utprøving og evaluering av den liturgiske musikken.

Konsertnemnda:

Vi hadde ein flott salmekveld i inngangen til påskeveka der ulike solistar og instrumentalistar deltok i tillegg til allsang. Svein Havåg og Vidar Mørk las bibeltektar. Eit arrangement som var populært og samla mykje folk.

Ein stor takk går til medlemmane i nemnda for god innsats og initiativ til å arrangere konserter.

Ymse:

Det kyrkjemusikalske høgdepunktet var framføring av Syngespelet «Høyr kor kyrkjeklokka lokkar» under Dei nynorske Festspela 2015. Kyrkjekor, samansett barnekor og musikarar (rundt 100 aktørar) gjorde ein framifrå jobb. Det var også svært gledeleg å lese anmeldinga av spelet i Dag og tid, der dei fastslo at Syngespelet var det musikalske høgdepunktet under Dei nynorske festspela 2015. Det var svært gledeleg at arrangementet gjekk i pluss økonomisk. Vi vil rette ein stor takk til alle frivillige som bidrog før, under og etter framføringa.

Kantorane vil nytte høvet til å takke alle som har bidrege på ulike måtar innanfor det kyrkjemusikalske gjennom året 2015. Dette gjeld alle kor, grupper, solistar og musikarar som har teke del på gudstenester, konsertar og andre tilstellingar. De gjer ein svært viktig jobb og det er utrulig kjekt å ha dykk med på laget!

Ørsta, 03.02.2015

Margaret S. Volle Haugland

Kantor

Årsmeldinga 2015 til Ørsta kyrkjekor kjem som eige vedlegg.